

# Prosjektskildding «Film til folket» og filmfestival

Stord filmklubb blei starta i 2008. Frå starten har me vist filmar i Stord kulturhus. I tillegg til å visa eldre og nyare klassikarar, har me mellom anna arrangert fleire vellukka stumfilmkonsertar med mykje publikum. I styret har me samla sett brei erfaring som kulturarrangørar, frå festivalar til enkeltarrangement. Målet er nå ut til endå fleire sunnhordlendingar med filmkultur.

## To prosjekt

Me søker om støtte til to prosjekt: «Film til folket» og «Stord skrekk- og spenningsfilmfestival». Felles for dei er eit ønske om å skapa sosiale møteplassar der me viser kvalitetsfilm til unge og vaksne i Sunnhordland. I ei tid der film er tilgjengeleg over alt til ei kvar tid på strøymetenester, så trur me det er ein endå større trong for ein filmklubb der kvalitet og sosialt fellesskap er i fokus.

## Film til folket

Dette prosjektet går ut på å ta filmen ut til folket gjennom å arrangera filmvisingar i utradisjonelle visingsstader. Me har allereie avtale om å arrangera filmkveld i eit dansestudio, og me ønskjer å visa filmar både utandørs, i ei nedlagt gruve og skapa fleire spennande og utradisjonelle rammer rundt filmvisinga – på Stord og andre stader i Sunnhordland. Kombinert med lett servering og ei sosial ramme, trur me dette vil styrkja filmopplevinga og gi eit godt sosialt og kulturelt tilskot til det regionale kulturlivet. Me har mange som ønskjer å bidra med dugnad for å få dette til. Det me treng er utstyr for å få vist fram filmene. Sjå budsjett!

## Filmfestival

Det er fleire filmfestivalar i Noreg, men få festivalar for sjangerfilmene. Stord har fleire regissørar og filmskodespelarar som har laga spennings- og skrekkfilm med nasjonal distribusjon. Me vil samarbeida med regissøren Severin Eskeland om festivalen. Målet er å laga ein spennings- og skrekkfilmfestival som engasjerer folk i Hordaland og Vestlandet – og viser fram både nye kvalitetsfilm og eldre klassikarar for ungdom og vaksne. Me vil òg involvera ei rad andre organisasjonar på festivalen, og vil søkja om finansiering andre stader òg. I tillegg til å visa filmar, vil me arrangera to føredrag og ein kortfilmkonkurranse for ungdom. Sjå budsjett!

Me meiner desse prosjekta vil gi mykje kultur igjen for pengane og utløysa dugnadsarbeid som vil gi eit nytt kulturelt og sosialt tilskot til lokalsamfunnet. Filmfestivalen vil ha både lokal og nasjonal rekkevidde. Målet er å gjera det til ein viktig filmfestival for sjangerfilm i Noreg.

Me reknar med at «Film til folket» vil utløysa minst 150 dugnadstimar i året. Me reknar med at levetida til visingsutstyret vil vara i åtte år. Til saman vil det altså generera 1200 dugnadstimar. Filmfestivalen vil generera minst 200 dugnadstimar i år.

## Budsjett for prosjekt «Film til folket» og filmfestival

<b>Utstyr, popp-opp-kino/prosjekt «Film til folket»</b>	<b>Pris</b>
Epson 3D LCD Projektor EH-TW9200W (Trådløs)	-26990
Bæreveske, prosjektor	-699
Prosjektorbord, Hama	-1145
Lerret (ca. type som døme)	-15000
Lydopplegg, trådlause aktive høgtalarar, Dali	-4998
Blu-ray spelar	-1495
<b>Festivalkostnader</b>	
Reiser for inviterte gjester	-12000
Honorar to føredrag	-7000
Filmkonkurranse	-11000
Marknadsføring og andre kostnader	-15000

---

<b>Kostnader totalt</b>	<b>-95327</b>
-------------------------	---------------

---

**Finansieringsplan**

Sponsorar og anna støtte (ikkje stadfesta)	60000
Hordaland fylkeskommune	30000
Eigenfinansiering (overskot frå billettinntekter)	5327

<b>Inntekter totalt</b>	<b>95327</b>
-------------------------	--------------